



## **DEN NORSKE KYRKJA** **Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd**

### **Felles diakoniplan for Leikanger, Norum, Stedje, Fjærland og Kaupanger sokn**

#### **Om planen**

Kyrkja skal vere formidlar av både ord, sakrament, omsorg og teneste i møte med andre menneske, og med det synleggjere kyrkja som ei diakonal kyrkje. Det diakonale arbeidet viser seg i handlingar til beste for vår neste og er tufta på verdiar som respekt, likeverd og nestekjærleik.

Felles diakoniplan er ikkje meint å innehalde ei oppstilling av alle dei einskilde tiltaka til kvart sokn, men syner dei områda som alle sokneråda har merksemd på. Planen er delt inn i 4 punkt: Nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kamp for rettferd og vern om skaparverket. Desse arbeidsområda er delvis overlappande, men dette er ikkje avgjerande for forståinga av planen, eller for det arbeidet som vert utført i sokna.

I eit diakonalt perspektiv er trusopplæring, (TOL), for born og unge både uttrykk for nestekjærleik og for inkluderande fellesskap. Det er fleire tiltak i TOL-planen der diakon og trusopplærar samarbeider. Då trusopplæringa har sin eigen plan som gjeld for alle sokna, er desse tiltaka ikkje teke inn i diakoniplanen.

Nokre tiltak i den felles diakoniplanen er merkt med \*. Det vil seie at diakonen ikkje utfører denne tenesta/tiltaket i Leikanger, då Leikanger kommune ikkje er med og finansierer diakonstillinga.

Diakoniutvalet reviderer felles diakoniplan i slutten av kvar valperiode.

## Nestekjærleik

Kyrkja sitt arbeid skal vere prega av nestekjærleik i all si verksemd. Alt arbeid, alle samkomer, alle planar og vedtak skal kunne prøvast på nestekjærleiksbodet (Matt 22,39): Du skal elska nesten din som deg sjølv.

Soknet skal fremja tiltak som syner nestekjærleik i praksis. Forkynninga i gudstenester og andre samkome skal ha nestekjærleik som fokus med jamne mellomrom. Kyrkja skal med si verksemd hjelpe til slik at enkeltmedlemmer i soknet vert inspirerte til å syne nestekjærleik.

<b>Tiltak</b>	<b>Sorgarbeid; individuell oppfølging og sorggrupper *</b>
Målsetting	Hjelpe menneske til å leve med sorg, vere ein medvandrar, gje livshjelp og håp, byggje nettverk mellom sørgjande, t d gjennom sorggrupper
Tid for gjennomføring	Kontinuerleg. Brev til pårørande innan 1 månad etter dødsfall, kan følgjast opp med telefonsamtale
Tid for evaluering	Evaluering av sorggruppene etter siste samling
Ressursar	Diakon, sokneprest
Kan ha eller har samarbeid med	Off. instansar /private som har kontakt med pårørande etter dødsfall Gravferdsbyrå, SHOS, psykiatritenesta, kreftkoordinator, kriseteam
Ansvarleg	Diakon og prest

<b>Tiltak</b>	<b>Venneteneste/besøkseneste *</b>
Målsetting	Vere eit medmenneske i kvardagen, førebyggje einsemd og isolasjon
Tid for gjennomføring	Teneste gjennom heile året
Tid for evaluering	1-2 gonger pr. år: Diakon samtalar med frivillige besøksvenner som har avtale om å vere besøksvenn
Ressursar	Diakon, frivillige besøksvenner
Kan ha eller har samarbeid med	Offentlege instansar som heimesjukepleie, heimehjelp, Røde Kors, Frivilligsentralen, Eldrerådet
Ansvarleg	Diakon, sokneråd

<b>Tiltak</b>	<b>Samtale og sjelesorg *</b>
Målsetting	Gje livshjelp og trushjelp til dei som av ulike årsaker har det vanskeleg
Tid for gjennomføring	Kontinuerleg
Tid for evaluering	Kontinuerleg gjennom vegleing
Ressursar	Diakon, sokneprest, frivillige
Kan ha eller har samarbeid med	BUP, Psykiatrisenteret, skulane, studentrådgivar HVL, heimetenestene i kommunen
Ansvarleg	Diakon og prest

<b>Tiltak</b>	<b>Forbønnsteneste (for einskilde, for frivilligarbeidet, ved særskilde behov i soknet</b>
Målsetting	Vise omsorg, omtanke i det stille
Tid for gjennomføring	Løpande
Tid for evaluering	Kontinuerlig
Ressursar	Diakon, andre tilsette, frivillige
Kan ha eller har samarbeid med	Tilsette, frivillige, foreiningar
Ansvarleg	Sokneprest, diakon, kyrkjelyden

## Inkluderande fellesskap

Menneske skal oppleve at gudstenester og andre samkome i soknet er opne og inkluderande fellesskap. Menneske skal kjenne seg sett, lytta til og respektert. Det skal være «null-toleranse» for mobbing i alt kyrkjelege arbeid i soknet. Kyrkjelyden skal vere ekstra merksam på dei som eventuelt fell utanfor i våre lokalmiljø. Gudstenester og andre samkome skal vere tilgjengelege for alle, uansett funksjonsnivå.

<b>Tiltak</b>	<b>Arbeid med frivillige medarbeidarar. Jmf. Handlingsplan for rekruttering, opplæring og oppfølging av frivillige medarbeidarar.</b>  <b>Kyrkjevært, kyrkjekaffi, medliturgar og andre grupper.</b>
Målsetting	Ta betre vare på frivillige medarbeidarar. Skape engasjement for kyrkjeleg arbeid. Tilby meningsfulle oppgåver. Gje opplæring, inspirasjon og takk til frivillige
Tid for gjennomføring	Kontinuerleg
Tid for evaluering	Kontinuerleg. Ved gjennomgang/oppsetting av listene.
Ressursar	Gruppeleiarar, frivillige, sokneråd, kyrkjeleg tilsette
Kan ha eller har samarbeid med	Frivillige organisasjonar, offentlege utval
Ansvarleg	Sokneråda, sokneprest, diakon, gruppeleiarar

<b>Tiltak</b>	<b>Skapa møteplassar utanom gudstenestene. Nokre døme: Medarbeidarfest, kafé, eldretreff, årsfestar, turar, basarar, kyrkjeringar, kyrkjekaffi, familiemiddag, open julaftanfeiring, fargerikt førjulstreff, faste andaktar</b>
Målsetting	Inkludere menneske i kyrkjeleg samanheng. Byggje nettverk. Førebyggje einsemd. Skapa engasjement og ein stad å høyre til
Tid for gjennomføring	Kontinuerleg
Tid for evaluering	Løpande
Ressursar	Frivillige, kyrkjeleg tilsette
Kan ha eller har samarbeid med	Samarbeid mellom dei tilsette
Ansvarleg	Sokneråd

<b>Tiltak</b>	<b>Universell utforming/deltaking for alle</b>
Målsetting	Gjere det mogleg for alle å delta på kyrkjelege arrangement: ivareta fysisk tilgang, lyd og tekst
Tid for gjennomføring	Gjennom året
Tid for evaluering	Løpande
Ressursar	Kyrkjeleg tilsette
Kan ha eller har samarbeid med	Kommune
Ansvarleg	Sokneråd, Fellesråd, kommune

<b>Tiltak</b>	<b>Musikk og kultur</b>
Målsetting	Opne kyrkjerommet for gode opplevingar
Tid for gjennomføring	Løpande
Tid for evaluering	Etter arrangement
Ressursar	Kantor/organist
Kan ha eller har samarbeid med	Gjestar utanfrå, kyrkjekontoret, Bokbyen, De Heibergske Samlingar
Ansvarleg	Sokneråd, kyrkjekontor

## **Kamp for rettferd**

Alle menneske har lik verdi, men alle har ikkje lik levestandard eller livskvalitet. Kyrkja i våre sokn skal fremja arbeid for ei meir rettferdig fordeling av ressursar, både lokalt og globalt. Sokna våre skal bruke Fasteaksjonen og liknande i kyrkjelydane til å engasjere menneske til kamp for ei meir rettferdig verd.

<b>Tiltak</b>	<b>Gjennomføre fasteaksjon</b>
Målsetting	Gje hjelp til andre ved innsamling av pengar. La konfirmantane vere med og ta ansvar.
Tid for gjennomføring	Mars månad kvart år
Tid for evaluering	Etter kvar innsamling
Ressursar	Sokneråda, konfirmantar og foreldre
Kan ha eller har samarbeid med	Konfirmantar, foreldre, andre frivillige, KN-kontakt
Ansvarleg	Sokneråda, kyrkjekontor og KN-kontakt

<b>Tiltak</b>	<b>Ofring i gudstenestene- og eigen gjevarteneste</b>
Målsetting	Ved ofring dele godene, ved givarteneste støtte spesielle prosjekt
Tid for gjennomføring	Fortløpande
Tid for evaluering	Samtidig med gudstenestelista 2 g i året
Ressursar	Kyrkjelyden og prosjektgruppe for givarteneste
Kan ha samarbeid med	Andre organisasjonar
Ansvarleg	Sokneråda

<b>Tiltak</b>	<b>Misjonsavtalar (etablere og/eller halde oppe avtalar)</b>
Målsetting	Styrkje engasjementet for misjon i kyrkjelyden
Tid for gjennomføring	Varierer
Tid for evaluering	Løpande
Ressursar	Misjonsorganisasjonar
Kan ha samarbeid med	Misjonsforeiningar, andre sokneråd
Ansvarleg	Sokneråda, tilsette

## Vern om skaparverket

Kyrkja i soknet skal fremja arbeid som vernar om Guds skaparverk. Gudstenester og andre samkome skal kunne prøvast på fornuftig og berekraftig ressurs- og energibruk. Forkynninga i soknet skal med jamne mellomrom ha fokus på forvaltaransvaret. «Grøn kyrkjebok» (2007) er ein viktig ressurs inn i alt kyrkjeleg arbeid i sokna.

<b>Tiltak</b>	<b>Dugnad på kyrkjegardane</b>
Målsetting	Soknet tek del i ansvaret for å halde kyrkje og kyrkjegard i orden
Tid for gjennomføring	Vanlegvis om våren, eller ved behov
Tid for evaluering	Etter kvar dugnad
Ressursar	Kyrkjegardsarbeidar, frivillige, konfirmantforeldre
Kan ha eller har samarbeid med	Tilsette på kyrkjekontoret
Ansvarleg	Kyrkjegardsarbeidar, sokneråd

<b>Tiltak</b>	<b>Kjeldesortering. Vurdere kyrkje sin bruk av plast og papir</b>
Målsetting	Betre ressursutnytting
Tid for gjennomføring	I den daglege drifta
Tid for evaluering	I samband med revisjon av diakoniplanen
Ressursar	
Kan ha samarbeid med	Kommunen, kyrkjeverje, frivillige
Ansvarleg	Kyrkjeverje, sokneråda, kyrkjetenar

<b>Tiltak</b>	<b>Tilby felles skyss</b>
Målsetting	Betre ressursutnytting. Fremje fellesskap og omtanke for andre
Tid for gjennomføring	Fortløpande. Knytt til dei enskilde møte eller samlingar
Tid for evaluering	Ein gang pr år
Ressursar	Frivillige
Kan ha samarbeid med	Institusjonar, private
Ansvarleg	Sokneråda

### Andre moglege framtidige tiltak og prosjekt

<b>Tiltak</b>	<b>Livets skattkiste</b>
Målsetting	Kulturformidling mellom generasjonane
<b>Tiltak</b>	<b>Ut på tur/pilegrimsrute</b>
Målsetting	Fellesskapsbygging, gi hjelp til refleksjon og vekst
<b>Tiltak</b>	<b>Diakonitreff</b>
Målsetting	Møteplass, førebygge einsemd
<b>Tiltak</b>	<b>Felles Misjonsdag</b>
Målsetting	Setje fokus på misjon i alle kyrkjelydane. Samle misjonsforeiningane

Felles Diakoniplan vedteke av Diakoniutvalet 20. mai 2019

Kopi: Fellesrådet for Sogndal og Leikanger  
Bispedømmekontoret v/ diakonirådgivar